

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 22/25

REGULERING AV FISKET ETTER MAKRELL

I det store og heile ønsker Pelagisk Forening at gjeldande regulering blir vidareført.

Generelt meiner Pelagisk Forening at for fiske der det er flexordning skal fiske over 110 % føra til trekk på fartøynivå, og ikkje på gruppenivå. Dette vil redusera fiske utover eigen kvote.

Når fartøy har fiska over 100 % av kvoten sine bør fartøyet ikkje ha lov til å setja bruk i sjøen i same fiskeri.

Som kjent er kvoterådet 70 % lågare enn kvoterådet for 2025, og p.t. er norsk tac ikkje fastsett. Det er likevel sannsynleg at det blir dramatisk lågare kvotar. Dette gjer god regulering viktigare.

Pelagisk Forening meiner at alle avsetningar må reduserast tilsvarende reduksjonen i totalkvoten. Dette for at kvotereduksjonen skal bli mest mogeleg rettferdig for alle grupper.

Per no er avsetninga til open gruppa overfiska med fleire hundre tonn. Pelagisk Forening meiner at reguleringa må vera slik open gruppa ikkje kan fiska meir enn kvantumet som blir avsett/ at fisket blir stogga når avsett kvote er oppfiska. Eventuelt at det ikkje blir avsett kvantum til open gruppa.

Tidlegare var det ei prøveordning der fiska kvantum over 110 % blei trekt på fartøynivå, og ikkje på gruppenivå. Ordninga fungerte godt, og gjorde at overfiska kvantum blei redusert. Direktoratet har, av ukjente grunnar, tatt bort ordninga. Pelagisk Forening ber om at ordninga blir innført att, og vil peika på at dette er spesielt viktig i år med låge kvotar. Pelagisk Forening meiner altså at fangst utover kvotefleks skal bli trekt frå fartøykvoten, og ikkje gruppekvoten året etter.

Fangstar av undermåls fisk blir kverrsett, og verdien går til salslaget. Kvantuma kan fiskast på nytt att, og kvantumet blir trekt frå gruppekvoteane neste år.

Fiske av undermåls makrell er ikkje noko stort problem i makrellfisket, men generelt meiner Pelagisk Forening kverrsett kvantum ikkje må kunne fiskast på nytt att. Fiske av undermåls fisk bør heller trekkast frå kvote på fartøynivå.

Pelagisk Forening meiner at soneadgang må fordelast etter gjeldande fordelingsnøklar.

I 2024 og 2025 har det vore godt fiskeri i NØS, og mange båtar har fiska større delar av kvotane sine i NØS. Direktoratet har auka, eller oppheva, delkvoteeininga i UK for alle grupper. Så langt meiner Pelagisk Forening at direktoratet har handtert dette på ein god måte.

Pelagisk Forening meiner at direktoratet har lykkast med å balansera kryssande omsyn, og at det er viktig å ikkje auka delkvoteeiningane så tidleg at enkeltfiskarar risikerte å ikkje få fiska kvotane sine.

Per i dag blir verdien av fiska kvantum ut over delkvoteeininga i UK kverrsett, men kvantumet blir ikkje trekt frå fartøyet sin kvote. Derimot blir kvantumet trekt frå gruppekvota neste år. Pelagisk Forening meiner at dette bør endrast. Dette slik at fartøy som fiskar ut over eventuell delkvote i andre land sine farvatn får tilsvarende kvantum trekt frå fartøykvoten sin.

Pelagisk Forening meiner at med drastisk reduserte kvotar, og rekordhøge makrellprisar, bør det ikkje gjevast agnkvote på makrell.

Dersom det likevel blir gjeve agnkvote bør kvoten reduserast minst tilsvarende relativ nedgang av totalkvoten.

Dersom det likevel blir gjeve agnkvote bør ikkje agnkvotar kunne fiskast i UK si sona. Pelagisk Forening er klar over at agnkvotar ikkje gjev soneadgang i UK. Det er likevel slik at agnkvotar kan fiskast, i UK, på fartøya sine egne kvotar. Pelagisk Forening meiner at det ikkje skal vera lov å fiska agnkvotar utanfor NØS. Dette fordi ei av grunngjevingane for agnkvote er at det er ønskeleg med makrell med lite åte. Altså kystnær makrell fiska om sommareen.

Det låge kvoterådet talar for vesentleg reduksjon av overreguleringa, for gruppa under 15 meter. Eventuell overregulering må òg sjåast i samanheng med andre ordningar.

Når det gjeld samarbeidsordningar i den minste flåten blir det vist til Pelagisk Forening sitt høyringssvar.

Pelagisk Forening ber òg om at direktoratet føl fisket tett gjennom sesongen. Dette inkludert kontroll av at båtane er eigna, utrusta og bemanna i samsvar med gjeldande reglar.

Bergen: 15.10.25.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar